# Hedalsvisa

***Tekst: Edvard Elsrud***
***Melodi: Eg heiter Håvard Hedde (folketone)***

Der Ringerike slutter og Valdres nyst har bynt,
det ligg ei lita bygd med no'n kvite fjell til pynt
som ruver høgt mot vest.
Den bygda heiter Hedal'n, der trivs jeg aller best.

I sør der daler møtes, er Vassfar-elva stor,
ho kjem frå djupe skoger der bjønn og hulder bor.
Og nord frå fjellets port,
syng Fossbrøtt-elva godslig, slekk som ho støtt har gjort.

Den bygda ho er gammal, med sagn fra svunnen tid;
om bjønn som under alteret i kjørka hadde hi,
om svartedauens pest
da bamsen sjøl var menighet og organist og prest.

Og bonden braut opp jorda i Hedal'ns bratte hell,
men retta oppat ryggen i seine såmmårs-kveld:
Han såg det grodde godt
rundt værslitt tømmerstuggu – hans eige vesle slott.

Det rauta oppi fjella og bjøller let i li,
der seterjenten lokka mot kvel ve Olsok-tid.
Dom ysta ost og prim
til hausten farga Busufjell og vølla låg med rim.

I vinterkvite skoger, langs myr og dalen trång,
frå slea-mei det suste, frå øksehøgg det sång.
Om stokken han var tong,
så gav den og litt tyngde i halvtom peing-pong.

Nå nærmer vi oss slutten, men ennå var det meir,
om brøttningsliv i elvesus da fugger'n bygde reir.
Om dunkel Jonsok-natt,t
da Bogfjells breer skinte som bortgjømt Vidals-skatt.

Til fjerne land og byer drog mang ein Hedøl ut.
Men lengta dit dom leikte som jente og som gut;
til Fledda og til snø'n,
til Bautahaug og setertrø og fiskevak i Strø'n.

Ja, det var Hedals-visa, nå er det slutt på ho,
men bygda lever videre, de unge setter bo.
Je si som folk gjør flest;
Det finn's så mange steller, men Hedal'n er nå best.